

Amigos – frå Rosendal Musikkfestival til festival i Oslo

26.05.2007

Dei gode innslaga etterfulgte kvarandre som perler på ei snor under folkefesten i Skålsgata laurdag. Dette skapte den rette festivalstemninga. Denne nådde toppunktet då gruppa Amigos var på scenen som siste innslag. Det var eit høgdepunkt både for musikarane, og ikkje minst for publikum!

Medlemmene i Amigos er elevar i kulturskulen, og mange av dei er godt kjende i bygdebildet i Uskedalen då dei har arbeidet sitt ved AFA AS. Munnspelet og uskedelingen Odd Therkelsen er godt kjend for stor innsats som tidlegare banemeister på Heio, som dugande og hjelpsam gardsarbeidar, og for positivt engasjement elles. Under gateshowet trakterte han munnspelet på imponerande vis. Saman med resten av gruppa gav han publikum ein flott avslutning på festen med innleiving og speglede som sentrale element.



Uskedelingen Odd Therkelsen trakterte munnspelet på imponerande vis under gateshowet

For Amigos stoppar det ikkje med dette. Vokalist Leif Inge Heimvik kunne gjera kjent at helga 8.-10. juni skal dei på tur til hovudstaden. Då står deltaking i Dissimilis-festivalen for tur. Det var tydeleg at dette er noko dei gler seg til, og det vert heilt sikkert ei stor oppleving!



Medlemmene i Amigos gav showet i Skålagato ein skikkeleg finale

Musikkskulelærarane Kjell Skarsfjord og Kristin Schulerud er leiarar for gruppa. Tydeleg at dei har ei god hand om det!

Elles var det mange, varierte og gode innslag på programmet i Skålagato laurdag. Rosendal Musikkklag opna det heile og deretter fulgte Sussi Bodin, gruppa Da Capo, Line-dansarane i Just 4 Fun, Atle Fredheim, ein ung flink magedansar for å nemna noko. Eit flott program! Innimellan slo stuntpoet Arne Torget til med "øyeblikkspoesi" medan rutinerte Kjell Martin Håvik knytte det heile flott saman.